

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-610, FA-L83
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 08.03.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/23	Alver formannskap	16.03.2023
	Alver kommunestyre	

Forståing av intensjonsavtale om bygging av ny kyrkje på Frekhaug.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret stadfester intensjonsavtalen og vil i økonomiplanarbeidet vurdere om det er mogleg å prioritere kjøp av tomt og bygging av ny arbeidskyrkje sett opp mot andre investeringsprosjekt.

Alver formannskap 16.03.2023:

Handsaming:

Framlegg frå A.Byrknes-KRF:

«Kommunestyret stadfester intensjonsavtalen om kjøp av tomt til kyrkje på Frekhaug. Kommunestyret presiserer at der ikkje er økonomi til å finansiere bygging av ei arbeidskyrkje no.» Framlegget vart vedteke med 7 røyster (Y.Walaker-FRP, I.Fjeldsbø-H, N.M.Aadland-H, A.Byrknes-KRF, M.Andvik-KRF, J.Hellestveit-SP og S.Sekkingstad-SP) Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 6 røyster og fall (N.Bognøy-AP, Ø.Oddekalv-AP, N.Øvreås-FRP, L.Johnsen-MDG, M.Færø-uavh.og T.Sletten-Hansen-uavh.)

FO- 029/23 Vedtak:

«Kommunestyret stadfester intensjonsavtalen om kjøp av tomt til kyrkje på Frekhaug. Kommunestyret presiserer at der ikkje er økonomi til å finansiere bygging av ei arbeidskyrkje no.»

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alver kommune er i dialog med kyrkjeleg fellesråd om oppfølging av intensjonsavtalen mellom kommunen og fellesrådet. Intensjonsavtalen vart inngått av Meland kommunestyre i sak 20/2019 og seinare stadfesta av Alver kommunestyre. Det er naudsynt å få ei nærare avklaring av kva forplikingar kommunen meiner å ha inngått, samt kva som skal være framdrift i gjennomføringa av intensjonen, dersom kommunestyret vel å prioritere kjøp av tomt og bygging av ny kyrkje.

Vurdering

Kommunestyret har i sak 112/22 (vedlagt), utsett handsaming av søknad om tilskot til ny kyrkjetomt på Frekhaug og ville vurdere tilskot til kjøp av tomt saman med rullering av økonomiplanen for 2023 – 2026. Det vart ved rullering av økonomiplanen, ikkje innarbeid tilskot til kjøp av tomt. I praksis tyder det på at tiltaket er utsett til etter 2026.

Kyrkjeleg fellesråd har fått bistand frå KA til å vurdere kva pliktar kommunen har til å følgje opp intensjonsavtalen. Konklusjonen i brevet er: «*Dersom det ikke foreligger saklige argument mot tomta, mener jeg kommunen er forpliktet til å stille midler til rådighet. I avtalen står det inntil 5 MNOK, men antar dette handler om at de stiller det som er nødvendig, men ikke mer enn 5 mnok.*

Når tomta er kjøpt vil neste fase i forhold til kommunen være å få godkjent budsjett. Dette anser jeg imidlertid ligger litt frem i tid».

I sak 112/22 skrev kommunedirektøren: *Alver kommune er i en anna økonomisk situasjon nå, enn dei tre kommunane var i, da intensjonsavtalen vart inngått. Dette er difor ein vesentleg endra situasjon – som gjer at kommunen kan gjere andre vurderingar i 2022.*

Kommunedirektøren er framleis av same oppfatning og meiner det kan gjere det særskilt krevjande for kommunen å gjennomføre andre prioriterte tiltak som til dømes ny ungdomsskule på Frekhaug.

Det er mogleg å leggje til grunn at kommunen i utgangspunktet er forplikta etter intensjonsavtalen til å gje tilskot til kjøp av tomt, og samtidig argumentere for at kommunen ikkje er forplikta til å finansiere/prioritere ny kyrkje i økonomiplanen. Difor er det også mogleg, ut frå heilskapleg omsyn, å argumentere for at forutsetninga for forpliktinga til å gje tilskot til kjøp av tomt kan vere falt bort, dersom den økonomiske handlefridommen til kommunen er vesentleg endra og det difor ikkje er realistisk å løyve midlar til bygging av ny kyrkje innan rimeleg tid. Når tomt er kjøpt, vil det truleg verte forventet løyving til planlegging innan to til tre år, og byggestart direkte etter dette, for å sikre ei effektiv prosess.

Dersom kommunestyret ved rullering av økonomiplanen, vel å gje tilskot til kjøp av tomt, bør dei i same vedtak gje melding om kva framdrift dei ser for seg knytt til finansiering av ny kyrkje og kva økonomisk ramme som kan stilles til rådvelde. Dette vil være viktig for kyrkjeleg fellesråd, for å kunne gjennomføre ei fornuftig og økonomisk forsvarleg prosess, fram mot byggestart. Dette gjeld også for Alver kommune, slik at vi kan gjere gode prioriteringar mellom ventande prosjekt (skule Frekhaug, hall Ostereidet, utvikling Lindåstunet, kulturhus Knarvik med fleire).

Vedlegg i saken:

09.12.2022	Forståing av intensjonsavtale om bygging av ny arbeidskyrkje på Frekhaug	1849460
08.03.2023	Intensjonsavtale om bygging av ny arbeidskyrkje på Frekhaug 01.04.19	1893868
09.03.2023	Intensjonsavtale om bygging av ny arbeidskyrkje på Frekhaug	1893869